

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Istadstø

Statens vegvesen Region vest
Postadresse: Askedalen 4
6863 Leikanger

Søndag 1.mars 2015 opplevde vi eit snøskreddrama med små marginar på E 39 Romarheimsdalen i Hordaland. Snøskredet gjekk tett på kommunegrensa mellom Masfjorden og Lindås kommunar. Hendinga var spesiell og kommunane er svært letta over at ingen kom til skade i dette raset som kom på ein sterk trafikkert europaveg.

Som kjent er der i år store snømengder i fjellet, og med både vær og vindforhold som var i området denne søndagen, så viser det seg at dette skredet hadde bygt seg opp til å bli eit stort og massivt skred.

Etter denne hendinga har ordførarane Karstein Totland i Masfjorden kommune og Astrid Aarhus Byrknes i Lindås kommune vore i kontakt med Statens vegvesen ved Helge Eidsnes og Olav Finne. Vi er er takksame for den raske responsen dei hadde ved å opprette tidleg dialog omkring denne hendinga.

I telefonmøtet som blei avholdt mandag 2.3.15 tok ordførarane opp følgjande :

- Det treng ein ny gjennomgang på E 39 for å avdekke moglege rasutsatte stader, der dette raset gjekk må det evaluerast om her skal gjere tiltak, då det er viktig for ettertida å både ha preventive tiltak på kort og på lang sikt.
- I Seterlia der raset gjekk har det tidlegare og gått snørras når det har vore store snømengder. Etter at vegen vart utbetra på 90-talet har ein følt seg tryggare, men ein ser ein no at snøras kan nå vegen. Vi ber difor om at skredsikring vert utført med snøskredvoll eller liknande
- Det er også viktig å ha visuelle synfaringer når vi har slike snømengder i fjellet samt at værtihøva endrer seg mm. Det er også mogleg å bruke lystavlene i våre kommunar meir aktivt som forebyggjande tiltak – føre – var då E 39 har ein omkjøringsmoglegheit. Gode rutiner på overvåking av vegen som vi alle ynskjer skal vere trygg er viktig for oss å framtame.

Vi vil også vise til leiaren i nasjonal rassikringsgruppe Åshild Kjelsnes som uttaler til NRK Hordaland 2.3.15 at vi må ha større fokus på rassikring på hovedferdsleårene, og at ein gjennom Nasjonal Transport Plan treng betydelege midler til rassikring slik at ein får ein raskare utbygging.

Klima endringane gjev oss nye utfordringar og ras kan gå på uvante stader. Vi ber difor om at Statens vegvesen vurderer E 39 på nyt, slik at ein kan få på plass naudsynte tiltak for ettertida.

Dagslyset måndag avslørte dei store dimensjonane på snøskredet som trefte E39 i Romarheimsdalen i Hordaland og vi meiner at her må kome tiltak i form av rassikring.

Ennå er skredfaren betydeleg og vegen er framleis stengt i skrivande stund.

I raset søndag 1.3. var det elleve personar i fire bilar som opplevde desse store tunge snømengdene. To personar fekk kuttskader då frontrunta på bilen blei knust, dei klarte å koma seg ut av bilen og i tryggleik. Der var også eit lite barn som fekk mindre kuttskader då sidevindauga vart blåst inn av dei veldige snømengdene. Dette viser at marginane var små, det kunne ha gått veldig gale, men heldigvis gjekk det godt denne gongen. Ingen ynskjer at dette skal skje igjen.

Vi vil også med dette brevet takke alt redningspersonell, både det offentlege og dei frivillede, samt politi og vegvesen med entrepenøren som kom raskt til staden og starta redningsarbeidet. Når hendinga var eit faktum er det godt at beredskapen fungerte.

No set vi vår lit til at det vert bevilga naudsynte midler til rassikring i området som fort som mogleg, og ber om at arbeidet kjem i gong så fort det let seg gjera.

Karstein Totoland
Karstein Totoland
Ordførar – Masfjorden kommune

Astrid Aarhus Byrknes
Astrid Aarhus Byrknes
Ordførar – Lindås kommune

Kopi : Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo